

KOME TIL DEG I



Eit kunstmuseum til rett tid

Georg Arnestad

I det stille, nesten heilt utan diskusjon, er eit nytt praktbygg i ferd med å reise seg midt i Førde sentrum. På den gamle meieritomta tek det nye Sogn og Fjordane kunstmuseum gradvis form. Prisen er visst rundt 100 mill. kroner. Fylkeskommunen betalar mesteparten, etter det eg forstår. Staten tek resten. Det har gått så stilt føre seg, at eg trur det heile må vere ei løgn. Men eg har vore i Førde og sett det halvfullendte nybygget med mine egne augo. Då *må* det vere sant.

Ingen i dette landet sentraliserer meir enn dei bondestyrte landbruksverksemdene. Bestemor mi, som kom frå Innvik, var for 100 år sidan meierske på Rygg meieri på Sørstranda ved Gløppefjorden. I mangt og mykje er eg derfor eit ekte meieriprodukt. Godt smør. Men om nokre år er det truleg berre eitt meieri att på Vestlandet. Og eitt slakteri. Mens den varsame strukturrendringa av sjukehusa våre skapte nesten revolusjonære tilstandar, bryr knapt nokon seg om den hardhendte rasjonaliseringa innanfor landsbrukssamvirket.

Frå meieri til kunsthuss

Meieriet i Sogndal vart til studenthus, med fylkets klart beste "live" musikktilbod. På slaktehustomta i Sogndal reiser det seg no nok eit kjøpesenter og nye, dyre leiligheter med sjøutsikt. Det var hard lokal diskusjon om begge sakene. I Førde gir meieritomta hus til kunsten og kunstnarane våre. Utan diskusjon. Kor trygt det store slaktehuset på Reset lever, veit eg ikkje. Men førdianarane bør like godt, først som sist, alt no ta til å leggje planar for kva ein kan bruke dette området til om 10-15 år. For akkurat så rå er tenkinga kring effektivisering og rasjonalisering i det selskapet som ein gong heitte Vestlandske Salslag,

men som i dag ber namnet Nortura SA, "forankret i norske tradisjonar, norsk matkultur og norsk eierskap," som det heiter i eigenreklamen. "Fuck my ass," som ungdommen seier det.

Same kan det vere. No skal vi i staden sjå i spenning fram mot den nye kulturarenaen som vert etablert på meieritomta midt i fylkessenteret. Mange kultur- og kunstbygg har vorte realiserte som omdefineringar av nedlagde industribygg. I Odda vert det laga ein litteraturby på tomtene og i leivningane av levande industriruinar. Men spenningane mellom det industritradisjon og moderne kunst er mange og det endelege utfallet er ikkje gitt.

I Sogn og Fjordane har vi, utanom Meieriet i Sogndal, hatt få slike direkte transformasjonar frå industriproduksjon til kulturarena. Det nye kunstmuseet er heller ingen slik transformasjon. Men det ligg i alle fall ei kraftig symbolsk omdefinering når tomtene som før hyste mjølk, mjølkprodukt og meisker snart skal verte eit hus for kunst og kunstnarar, både nolevande og avlidne. Lat oss berre håpe av kunstmuseet ikkje berre skal feire dei mange store kunstnarane våre som gjorde karriere etter at dei flytte ut frå fylket, men at museet òg vert ein arena for samtidskunsten og ein kveik og ein inspirasjon for dei kunstnarane som bur og lever her i fylket i dag.

Eit viktig symbolbygg?

Å finne balansen mellom tunge kunsttradisjonar og ein ikkje så veldig sterkt forankra kunstmodernitet vert først og fremst ei oppgåve for den sær anonymer direktøren for Musea i Sogn og Fjordane, Anne-Marie Førde, og for den meir profilerte avdelingsdirektøren for Kunstmuseet, Morten Johan Svendsen. Sistnemnde har no vore i fylket i 10 år. Alt frå første stund proklamerte han at det var heilt nødvendig for kulturfylket Sogn og Fjordane å få eit nytt og betre hus for kunsten for fylket. "Å skaffe nye lokale til

Sogn og Fjordane er viktigaste saka for meg", sa den ferske direktøren til nettstaden sfj.kulturnett.no 7. mars 2002, fjerde dagen han var på jobb i den nye stillinga.

Svendsen tok alt i 2002 i brukt ordet "symbolbygg" om det nye kunstmuseet. Bygget i seg sjølv kan på fleire måtar stå fram som eit signalbygg for og om det moderne, nye Førde; tettstaden og byen vår, som heilt har mangla ein estetisk og urban dimensjon. "Ti år til inga nytte," skreiv Jan Nyberg då Førde i 2007 feira 10-årsjubileum. Kan Kunstmuseet markere eit vendepunkt?

Kva skal ein fylle huset med?

Det kan vel hende. Men det kjem heilt an på kva ein fyller huset med, og korleis huset tek i mot oss som vil kome på besøk. Den første nysgjerrigheita går fort over. Den nye kunstmuseet kan ikkje berre leve på og av samlingane av dei store kunstnarane "våre". Museet må finne balansen mellom det tradisjonelle og det moderne, mellom det lokale og det globale på ein måte som både tiltalar og utfordrar publikum. Det krev òg at museet får eit relativt romsleg driftsbudsjett. Det ligg ikkje føre nokon garanti for at så vil skje. Tvert imot har vi mange døme på det motsette. Nye kulturbygg er dyre. Og når dei først er reiste, forlanger politikarane at dei skal vere billege i drift. Kanskje vert dette også skjebnen til nye Sogn og Fjordane kunstmuseum?

Det nye praktbygget vil i seg sjølv stimulere interessa for kunst her i fylket. Museets største utfordring vert å halde denne interessa ved like, og helst auke den. For å klare dette må kunstmuseet ta sikte på å verte meir utfordrande og tore meir enn det dei tradisjonelle folkemusea våre har makta. I eit noko kunstframand og, når det gjeld samtidskunst, kanskje litt kunstfiendtleg fylke, er dette ei vanskeleg oppgåve.

Og lat meg i desse "bulystkulturtider" også minne om det sjølvagte at det ikkje er kunstens oppgåve å lage trivsel og levelege småsamfunn, skape arbeidsplassar og regional utvikling eller utvikle og skape identitet og fellesskap som får samfunnet vårt til å henge saman. Kunsten har eit meir utforskande og grensesprengande element i seg enn kulturen. Kunsten skal utfordre oss til å søkje nye horisontar, og gjere oss kritiske og innovative. God kunst kan, slik professor Jan Grund nyleg formulerte det, "være oppsplittende, konfliktskapende og forankret i et enkeltindivids perspektiv og rent egenkonstruerte verdensoppfatning."

Dei viktige kunstnarstipenda

Mens eg skriv desse linjene, tikkar det inn ei melding om at Norsk kulturråd nettopp har gjort si årlege tildeling av statlege kunstnarstipend. Av 687 tildelte stipend gjekk berre seks til kunstnarar busette i Sogn og Fjordane. Men berre eitt stipend gjekk til Aust-Agder, Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag fekk fem, og Vest-Agder seks. Vi er ikkje på landsbotnen lenger. Så får vi heller leve med at kunstnarar i Oslo fekk 340 av stipenda.

Det mest gledelege er likevel at kunstnarane i Dale i Sunnfjord siste åra har reist med mange av dei statlege kunstnarstipenda til Sogn og Fjordane. Særleg gjeld dette dei største og mest prestisjefylte fleirårige arbeidsstipenda. Vi er i ferd med å få ei lita klyngje av flinke og dyktige kunstnarar i Dale. Og kommunen har, tenk det, klart å få bulystmidlar til å vidareutvikle denne klyngja. Samtidig spinn Naustdal spennande kunstnarlege trådar på arven etter Kjartan Slettemark, og Oddleiv Apneseth har gjort nordisk suksess med sine ærlege kunstfotografi frå Jølster.

Nybygget til Sogn og Fjordane kunstmuseum kjem sanneleg i rett tid. Kunstframtida vår er lysare enn ho har vore på lenge.

An Art Museum for its Time

Georg Arnestad

Quietly, almost without debate, a new historic building is being raised in the middle of downtown Førde. The new Sogn og Fjordane Art Museum is gradually taking shape on the lot where the old dairy cooperative used to stand. The price is supposed to be approximately 100 million kroner. From what I understand, the County Council is funding a major part of it and the federal government is picking up the rest of the tab. I have visited Førde and seen the partially completed building with my own eyes. So *it has to be true*.

No one in Norway is more skilled at centralisation than the farmer-controlled agricultural industries. One hundred years ago, my grandmother who was from Innvik, was a dairy technician at Rygg dairy in Sørstranda by Gløppefjorden. In many ways one can therefore say that I am a genuine dairy product. Real butter! But in a few years there will probably only be one dairy cooperative left in the western part of Norway. And only one slaughterhouse. While the cautious restructuring of our hospitals triggered an uproar verging on revolution, hardly anyone is concerned about the drastic phasing out of our agricultural cooperatives.

From Dairy Cooperative to Art House

The dairy cooperative in Sogndal became a student union and undisputedly the best place to hear live music in the county. On the lot previously occupied by the slaughterhouse in Sogndal yet another shopping centre is being constructed, along with new, high-priced apartments with a sea view. Both of these projects were accompanied by heated local debates. In Førde, the dairy cooperative will provide shelter for art and for our artists. Without the slightest hint of a debate. To mention another case, it is an open question how secure the fate of the large slaughterhouse in Reset, Førde is. But in my opinion the people of Førde might just as well begin to make plans now for what this location should be used for in 10-15 years. Because that is how brutal the mind-set is that lies behind the restructuring of the company that once went under the name of Vestlandske Salslag. Today it

bears the name Nortura SA – "rooted in Norwegian heritage, Norwegian culinary traditions and Norwegian proprietorship," as it states in their advert. "Kiss my ass," as our young people would say.

Who cares. Instead we look forward with anticipation to the new cultural arena that has been initiated on the grounds where the dairy cooperative used to stand. Many buildings devoted to art and culture have been realised in old renovated industrial buildings. In Odda a literary centre was built amongst the ruins of a legendary industrial complex. Yet the tensions that arise between industrial traditions and modern art are many, and the final outcome has yet to be decided.

Aside from the Dairy in Sogndal, in Sogn og Fjordane we have seen few direct transformations of this type, from industrial production to cultural arena. You can even say that the new art museum is not a transformation of this type. Yet the project represents a powerful symbolic makeover: a lot that used to house milk products and dairy technicians will soon become a house for art and artists – both living and deceased. Let us hope that the art museum will celebrate not only our many great artists who achieved success after moving away from the county, but will also become an arena for contemporary art, and an impetus and inspiration for the artists that live and work in the county today.

An Important Emblematic Building?

To find a balance between venerable art traditions and a not very securely anchored modern orientation in art will primarily be a task for the conspicuously anonymous director of Museums in Sogn og Fjordane, Anne-Marie Førde, and for the director of the art museum in Førde, Morten Johan Svendsen, who is more present in the public eye. The latter has now lived in the county for 10 years. From the very beginning he announced that it was absolutely essential for the cultural county of Sogn og Fjordane to procure a new and better building to house its art. On his fourth day on the job, 7th march 2001, the new director

announced on the website sfj.kulturnett.no: "To procure a new venue for Sogn og Fjordane is my most important task".

Svendsen used the expression "emblematic building" as early as in 2002 when referring to the new art museum. The building in itself can function as an emblem for, and of, a new and modern Førde; our town and budding city, which has until now totally lacked an aesthetic and urban dimension. "Ten years for nothing," wrote Jan Nyberg when Førde celebrated its 10-year anniversary in 2007. Will the art museum signal a turning point?

What Shall We Fill the House With?

It can well be a turning point. But it totally depends on what we fill the house with, and how the house receives its visitors. The initial curiosity will soon pass. The new art museum cannot live off the collections of 'our' great artists alone. The museum must find a balance between traditional and modern modes of expression, and between local and global perspectives in a way that both appeals to and challenges the public. It also means that the museum must have a relatively spacious budget. There is no guarantee that this will happen. On the contrary, we have many examples of the opposite. New buildings that house culture are expensive. And once they have been constructed, politicians demand that they be inexpensive to operate. Will this be the fate of the new Sogn og Fjordane art museum as well?

The spectacular building will in itself stimulate an interest in art in this county. The museum's greatest challenge will be to keep that interest alive, and hopefully to increase it. In order to achieve this the art museum must aim at being more challenging and more adventurous than what our traditional folk museums have managed to be have managed to do. In a county that is somewhat unaccustomed to art, and when it comes to contemporary art perhaps even a little hostile to art, this is a difficult task.

And allow me to also remind everyone – during these times of government funding to stem the tide of depopulation – of the

obvious fact that it is not the task of art to promote well being or sustainable small societies, to create jobs and economic growth in the region, or to develop and create identity and a feeling of community as the glue that holds our societies together. Art has a more experimental and groundbreaking aspect to it than culture. Art should challenge us to seek new horizons, and make us critical and inventive. As professor Jan Grund recently formulated it, good art can "be disruptive, cause conflict and be rooted in a single individual's perception and totally self-constructed world view."

The Important Artist Grants

As I write these lines, the news ticks in that the Arts Council Norway has just completed its annual allocation of government artist grants. Of 687 grants awarded, only six went to artists living in Sogn og Fjordane. But only one grant went to Aust-Agder and Møre og Romsdal, and Nord-Trøndelag received five, and Vest-Agder six. We are no longer at the bottom of the barrel nationwide. We will just have to live with the fact that artists in Oslo received 350 grants.

The most gratifying news is that in recent years artists from Dale in Sunnfjord have received most of the government grants awarded to Sogn og Fjordane. This applies in particular to the largest and most prestigious working grants of more than one year. We are in the process of acquiring a small group of talented and accomplished artists in Dale. And the municipality has succeeded – just imagine! – in obtaining government funding for the purpose of expanding this group. And that is not all; Naustdal is spinning sensational artistic yarn as a legacy after Kjartan Slettemark, and Oddleiv Apneseth has achieved success in the Nordic countries with his candid photography from Jølster.

The new building for the Sogn og Fjordane Art Museum has indeed arrived at an opportune time. The future of art in Sogn og Fjordane is brighter than it has been for a long time.

Translation: Francesca Nichols